

Julebutikken i Martabu ein suksess.

19.11.2011



Utvalet i julebua er imponerende synest Lene Taranger

Idag var tredje lørdagen julebutikken i Martabu hadde ope. Som dei to føregående gangene, var publikumtilstrøyminga god og vareutvalet imponerende. Det kan alt no slåast fast at dei aktive Damvennene i Uskedalen står bak endå eit suksessrikt tiltak. Tjue prosent av omsetninga er øymerkt til innkjøp av ein hjartestartar som skal plasserast sentralt i bygda; - i Hagetunet. Resten av omsetninga går til dei som leverer inn varene



Gunn Mari var godt fornøgd

Det er imponerende vareutvalg i denne julebutikken.
Her finn vi mykje fint handarbeid, - både trearbeid og tekstilarbeid.
Her kan ein få kjøpt alt frå handlaga pennar og ostehøvlar
til mykje fint i strikkearbeid

og anna tekstilarbeid.

Vareutvalet vert stadig fornya, og Gunn Mari Moberg kunne fortelja at flotte vevde produkt var nytt denne laurdagen. Det aller meste er produsert av bygdefolket, men også utflytte uskedelinger bidreg med flotte ting. Denne lørdagen hadde dei fått inn nydelege englar som var laga av Tove Ersland Aae. Ho brukar ein teknikk utvikla av Louis Comfort Tiffany, og basert på bruk av glas og sølv. Spennande bakverk var det og å få kjøpt.

Denne gangen var det bollar og brød som var steikt i den gamle steinommen på Skorpo. Nærare jul rekna Gunn Mari med at dei også skulle ha julebrød som var steikt der. Dessutan hadde Elin Enes (skulemusikken) vore med endå fleire typar julebakst så det eringen problem å sikra seg alle 7 sortane med heimebakte julekaker i Martabu.

I tillegg var det salg av kaffi, kaker og brus.

Det var tydeleg populært å setja seg ned og nyta det sosiale som kan følgja med handel i førjulstida.

Bygdefolket nytte denne gode stemninga i det gamle butikklokalet som har hyller og innreiing slik det var då det var butikk der.

Etter stengetid kunne Gunn Mari Moberg rapportera om ein kjekk dag der mange tok seg god tid, og omsetninga denne dagen runda flotte 7000 kroner.

Av Thor Inge Døssland

